

REGULERINGSPLAN BJØRNSVIK

REGULERINGSFØRESEGNER

Ikraftsetjing: 01.10.1982

Revidert: 31.08.2011

- § 1 Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense. Innanfor det regulerte området skal arealbruken vera som vist på planen.

1. Byggeområder.

Område for bustadbygging.

- § 2 Det vert berre tillate oppført frittliggjande einebustader på 1 ½ etasje med grunnmur ikkje over 70 cm. Der terrenget etter bygningsrådet sitt skjønn ligg til rette for det, kan det tillatast innreia underetasje i samsvar med føresegnene i byggjeforskriftene. I tillegg kan det tillatast garasje.
- § 3 Bygningane skal i all hovudsak plasserast som vist på planen. Møneretningen vert rekna i huset sin lengderetning.
- § 4 Det kan byggjast på inntil 1/5 av nettoarealet på kvar einskild tomt, i tillegg kjem garasje.
- § 5 Garasjen skal fortrinnsvis oppførast som tilbygg til bustadhuset, og tilpassast dette med omsyn til materialval, form og farge. Bygningsrådet kan tillate oppført frittliggjande garasje dersom forholda tilseier dette. Garasje kan berre oppførast i 1 etasje med grunnflate ikkje over 35 m².

Garasje kan innanfor bestemmelsane i bygningsforskriftene oppførast i nabogrense. Der bygningsrådet finn det tilrådeleg, kan garasje som får lengderetning langs vegen, tillatast plassert inntil 2 m frå vegkant.

Garasjen sin endelege plassering vert fastsett av bygningsrådet. Plassering av garasje skal vera vist på situasjonsplan som følgjer byggjemelding for bustadhuset, sjølv om garasjen ikkje skal oppførast samtidig med dette.

I tillegg til garasje skal det vera oppstillingsplass på eigen grunn for 1 bil.

- § 6 Bygningane skal ha saltak eller valmtak. Takvinkelen vert fastsett av bygningsrådet, som kan krevja at bygningar i same gruppe eller langs same vegstrekning skal ha lik takvinkel.

2. Friområder.

- § 7 I friområda kan bygningsrådet med formannskapet sitt samtykke, tillate oppført bygningar som har naturleg tilknytning til friområder og som ikkje vil vera til hinder for området sitt bruk som friområde.

- § 8 Leikeplassar skal opparbeidast etter planar godkjent av bygningsrådet i samband med innflytting i området.

3. Støyskjerm

- § 9 Behov for støyskjerming i hele eller deler av området skal vurderast. Nødvendig støyskjerming skal opparbeidast i samsvar med T-1442: "Retningslinjer for behandling av støy i arelplanlegging".
- § 10 Nødvendig støyskjerming skal vere godkjent og opparbeidd før det vert gitt bruksløyve for bustadar på tomter med støynivå over grenseverdiane i T-1442.

4. Fellesføresegner.

- § 11 Det er ikkje tillatt med private avkjørsler direkte til riks- og fylkesveg eller hovudsamleveg (Gate A) nedanfor Gate B.
- § 12 Innanfor dei viste frisktliner i vegkryss skal det vera uhindra sikt ned til 50 cm over dei kryssande vegar sitt planum.
- § 13 Innhegningar skal i same vegflukt vera av likt materiale og ha same høgd. Gjerde skal ikkje vera høgare enn 0,8 m over vegplanum, i skjering og i fylling kan bygningsrådet fastsetje annan høgd. Oppsetjing av gjerde, høgd og farge skal godkjennast av bygningsrådet.
- § 14 Forstøttingsmurar langs vegar er ikkje tillate. Dersom særlege grunnar føreligg, kan bygningsrådet godkjenne forstøttingsmurar og setje krav til høgd, utforming og utføring av desse.
- § 15 Bygningsrådet kan fastsetje utvendig materiale og taktekkingsmateriale, og kan krevje at grupper av hus skal fargesettast etter ein samla plan.
- § 16 Når særlege grunnar føreligg, kan bygningsrådet gjera unnatak frå desse føresegnene i bygningslovgivinga.